

Kommunestyret si behandling av sak 71/2024 i møte den 12.12.2024:

Behandling

Endringsforslag frå Kristen Haugen Dagsgard (SP).

Kommunestyre vedtek følgjande;

1. Formannskapet sitt framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2025 – 2028.

2. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2025 med desse endringane:

- *Arbeidsretta tiltak / sysselsetting Nr.32 Ans. 430 Ten. 300 Pro. 561. Beløp blir justert frå 5 000 000 kr. til 1 000 000 kr.*

Vedteke mot sju røyster, (Ap og BL)

- *Eigedomsselskap med rekrutteringsbustadar Nr. 29 Ans. 430 Ten. 2650 Pro. 560. Beløp blir justert frå 10 000 000 kr. til 6 000 000 kr.*

Vedteke mot fem røyster, (Ap og BL).

- *Det blir innarbeidd inntil kr. 150 000 i investeringsbudsjettet til nytt lydanlegg i kantina på Skjåk Barne og Ungdomsskule.*

Samrøystes.

3. I medhald av eigedomsskattelova skal det i 2025 skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg og kraftnettet (eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav c). Skattesatsen på energianlegga setjast til 7 promille av takstverdien (eigedomsskattelova § 11). Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar. Det er gjennomført ei alminneleg taksering i 2024, og nye kommunale takstar skal brukast frå år 2025.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar.

5. Det blir teke opp samla lån på 50 350 000 kroner til investeringsprosjekt i 2025.

Samrøystes.

6. Det blir teke opp 6 millionar kronar i lån i husbanken i 2025, der 2 millionar er sett av til vanleg startlån, og 4 millionar er sett av til startlån til fyrstegongsetablerarar.

7. Netto driftsresultat skal tilsvare minst 1,75 % av brutto driftsinntekter.

8. Brutto lånegjeld skal generelt ikkje overstige 100 % av brutto driftsinntekter. På grunn av store investeringsbehov vil gjeldsgraden kunne være opp til 140 % i 2026. Gjeldsgraden skal deretter gradvis byggast nedover mot 100 %.

Endringsforslag under pkt 2 i sak 2024/71:

Linje nr. 6 i tabell "bevilgningsoversikt drift" på side 3 i "Budsjettbok 2025 hovudoversikter" endrast til 198 796 000 for 2025. Dette gir eit netto driftsresultat på 11 689 000, som samsvarer med netto driftsresultat som er lagt fram som forslag i tabell for hovudoversikt drift.

Samrøystes.

Tilleggspunkt frå Stig Erlend Banken (AP).

Nytt pkt nr 9: Kommunedirektøren skal snarast som beskrive i «Kommunedirektøren si vurdering i økonomiplan 2025-2028»

sette i gang omstillingsarbeid for å oppnå snarast mogleg dei vedtekte økonomiske og finansielle måla, seinast innan 2028 utanom gjeldsgraden på lån.

Samrøystes vedteke.

Kommentar/feilretting på side 3 i budsjettboka 2025.

På side 3, linjepunkt nr 9. Brutto driftsresultat så oppnår vi eit fantastisk resultat på kr 212 119 000,-

Tilsvarande gode resultat på linjepunkt nr 17.

Sitat Banken: "Slik eg ser det så er feilen at det ikkje er lagt inn i driftsutgiftene på linjepunkt nr 6. Dette må rettes opp i før vedtaket." Feilen vart retta opp gjennom vedtak etter endringsforslag frå Haugen Dagsgard.

Vedtak

Kommunestyre vedtek fylgjande;

1. Formannskapet sitt framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2025 – 2028.

2. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2025 med desse endringane:

- *Arbeidsretta tiltak / sysselsetting Nr.32 Ans. 430 Ten. 300 Pro. 561. Beløp blir justert frå 5 000 000 kr. til 1 000 000 kr.*

- *Eigedomsselskap med rekrutteringsbustadar Nr. 29 Ans. 430 Ten. 2650 Pro. 560. Beløp blir justert frå 10 000 000 kr. til 6 000 000 kr.*
- *Det blir innarbeidd inntil kr. 150 000 i investeringsbudsjettet til nytt lydanlegg i kantina på Skjåk Barne og Ungdomsskule.*

3. I medhald av eigedomsskattelova skal det i 2025 skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg og kraftnett (eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav c). Skattesatsen på energianlegga setjast til 7 promille av takstverdien (eigedomsskattelova § 11). Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar. Det er gjennomført ei alminneleg taksering i 2024, og nye kommunale takstar skal brukast frå år 2025.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar.

5. Det blir teke opp samla lån på 50 350 000 kroner til investeringsprosjekt i 2025.

6. Det blir teke opp 6 millionar kroner i lån i husbanken i 2025, der 2 millionar er sett av til vanleg startlån, og 4 millionar er sett av til startlån til fyrstegongsetablerarar.

7. Netto driftsresultat skal tilsvare minst 1,75 % av brutto driftsinntekter.

8. Brutto lånegjeld skal generelt ikkje overstige 100 % av brutto driftsinntekter. På grunn av store investeringsbehov vil gjeldsgraden kunne være opp til 140 % i 2026. Gjeldsgraden skal deretter gradvis byggast nedover mot 100 %.

9. Linje nr. 6 i tabell "bevilgningsoversikt drift" på side 3 i "Budsjettbok 2025 hovudoversikter" endrast til 198 796 000 for 2025. Dette gir eit netto driftsresultat på 11 689 000, som samsvarer med netto driftsresultat som er lagt fram som forslag i tabell for hovudoversikt drift.

10. Kommunedirektøren skal snarast som beskrive i «Kommunedirektøren si vurdering i økonomiplan 2025-2028» sette i gang omstillingsarbeid for å oppnå snarast mogleg dei vedtekne økonomiske og finansielle måla, seinast innan 2028 utanom gjeldsgraden på lån.

